

Emne **Klage på avslag sak nr 341/2018**
Frå Kristin Austegard <kristinaust5@gmail.com>
Til <marianne.aadland@meland.kommune.no>
Kopi til Atle Austegard <atle.austegard@geo.uib.no>, Kristin Austegard <kristinaust5@gmail.com>
Dato 2019-01-14 11:37

Takk for oppklarande samtale på fredag 11.01.19.

Vi ønskjer at søknaden vår blir revurdert.

Klage på avslag sak nr 341/2018:

Vi har nokre tilleggskommentarar til vurdering av saka.

1) Omsyn til kommuneplanen sin arealdel:

Som det er sagt i avslaget så "ser det ikkje ut for at LNF-formålet vil bli vesentleg sett til side ved bustadbygging på dette arealet". *

*2) Trafikktryggleik: *

*1/385 er ein endestasjon på vegen, der det allerede er opparbeid parkeringsplass for 4 bilar, utviding av parkeringsarealet (mot sør) vil vere enkelt om det er naudsynt. *

* (I tillegg til at vi på eigedom 1/205 har oppstillingsplass for 4 bilar.*

*3) Omsyn til vern av landbruk, kulturminne- og landskapsverdier. *

*På vegen forbi det søkte areal, ca 50-60 m, ligg 2 gamle verneverdige steinløer på kvar si side av ein velbrukt traktorvei bygd på 1/12 for ca 90 år sida. Vegen blei og blir brukt til å frakte ved, høyr og juletrær fram til gardstunet. Vegen kan framleis brukast som adkomst til landbruksformål lengre nord, og vi meiner at vårt husprosjekt ikkje vil endre

vernet av dei forannevnte kulturminna. *

4) Felles planlegging:

Vårt prosjekt vil vere ei fortetting av ei etablert bustadsklynge, og vil ikkje påvirke framtidig felles-planlegging. Veg, vann og kloakk er tidlegare opparbeid fram på tomte 1/385.

*5) Helse, miljø, tryggleik og tilgjenge: *

*Vi vonar at det kan gjerast små grensejusteringar av arealet både ved noverande garasje og ved noverande innkjørsel til 1/205 i samband med ny oppmåling. *

6) Omsyn til naturmangfaldlova mm. føre var prinsippet :

Dersom ein ikkje kan godkjenne husbygging, ønsker vi likevel at arealoverføringa fra 1/12 og fra 1/205 vil bli godkjent i denne omgang, sjølv om vi meiner at våre argument i pkt 1-5 og 7 ikkje er til hinder for oppføring av bustad på dette området.

*7) Påreknelege fordelar (ulempar) ved at dispensjon blir gitt : *

*Med bakgrunn i at " loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner" søker vi om at det vert gitt dispensasjon. *

Då ser vi oss tvungen til å legge fram data om kvifor vi snarlig ønsker ein kårbolig med livsløpsstandard:

*Huset der vi har oppdradd seks barn, er nå for stort. *

*Stell og vedlikehald vil om få år bli for krevjande for oss to. *

*Vi treng kanskje snart ein meir lettstelt bolig med plass til familie i nærheten som kan ta seg av oss, i staden for at vi eventuelt skal overførast til kommunal omsorg. *

*Vi har barn som er interessert i å overta den gamle boligen. *

*Ei utsetting til at nye Alver kommune kan behandle denne saka ser vi som ei stor ulempe, *

*då ein har erfaring for at det kan ta lang tid å utvikle ein ny kommuneplan (mens vi stadig vert eldre.) *

Hilsen Kristin og Atle Austegard

Kristin og Atle Austegard,
Flatøyv. 136,
N5918 Frekhaug
4795498386/ 4756179494